



**Samferdselsavdelinga**

Arkivsak 201009132-181

Arkivnr. 80

Saksh. Klinker, Torill

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Samferdselsutsvalet	18.11.2013
Fylkesutvalet	21.11.2013

---

## **REGIONAL TRANSPORTPLAN HORDALAND, HANDLINGSPROGRAM 2013/14-2017 - RAPPORTERING**

---

### **SAMANDRAG**

Regional transportplan Hordaland (2013-2024) med handlingsprogram (2013/14-2017) vart vedteke av fylkestinget den 12. desember 2012. I saka heiter det at handlingsprogrammet skal reviderast årleg i samband med budsjett og økonomiplan for fylkeskommunen.

Handlingsprogrammet er delt i to delar. Del I er ei opplisting av tiltak for vidare utgreiingar og planlegging som er naudsynt for å gjennomføra planen. Dette saksframleggget omhandlar berre del I – utgreiingsoppgåvane. Del II er ei oversikt over prioritering og finansiering av fysiske tiltak knytt til fylkesvegnettet. Desse tiltaka er eit resultat av føringer lagt i den regionale planen, medan dei endelige prioriteringane vert gjort gjennom budsjettet hendsaminga og i det årlege plan- og byggeprogrammet.

Handlingsprogrammet del I inneheldt 34 tiltak, av desse er 32 tiltak starta opp, og fire tiltak vert vurdert som gjennomførte - i løpet av det første året i handlingsprogramperioden. Etter fylkesrådmannen sitt syn er ein godt i rute i høve til gjennomføring av samlede tiltak innan handlingsprogramperioden.

Regional transportplan har ambisiøse mål i høve til framkome, trafikktryggleik, tilgjenge og miljø. Tiltaka i handlingsprogrammet er meint å bidra til måloppnåing på alle desse områda. Sjølv om nesten alle tiltaka i handlingsprogrammet er starta opp, er det enno så tidleg i planperioden at det ikkje er råd å vurdera måloppnåing i høve til dei overordna måla som ligg til grunn. Ved neste rapportering (2014) vil ein ha ei betre oversikt over gjennomførte tiltak, og dessutan gode reisevanedata i form av Reisevaneundersøkinga (RVU) for Bergensområdet. RVU vil, saman med arbeidet med andre utgreiingsoppgåver, gje oss eit tydeleg signal på korvidt ein er i rute i høve til måloppnåing innanfor planperioden.

Fylkesrådmannen finn ikkje grunn til å innføra nye tiltak så tidleg i planperioden, men vil ved neste rapportering (2014) vurdera om gjennomføringa av handlingsprogrammet gjev tilstrekkeleg måloppnåing, eller om det er behov for å iverksetja ytterlegare tiltak.

## **FORSLAG TIL INNSTILLING**

- 1 Fylkesutvalet ser handlingsprogrammet til RTP som eit viktig verkty for gjennomføring av dei tiltaka som er skisserte i den regionale planen.
- 2 Fylkesutvalet finn ikkje grunnlag for å iverksetja ytterlegare tiltak så tidleg i perioden, men vil ved neste rapportering (2014) vurdera om gjennomføringa av handlingsprogrammet gjev tilstrekkeleg måloppnåing i høve til regional plan.
- 3 Fylkesutvalet tek rapportering av RTP-handlingsprogram (2013/14-2017), saman med fylkesrådmannen sine merknader, til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsle

## 1. Bakgrunn

Regional transportplan Hordaland (2013-2024) med handlingsprogram (2013/14-2017) vart vedteke av fylkestinget den 12. desember 2012. Her heiter det at planen har som formål å formidle fylkeskommunen sine mål og strategiar for utvikling av transportsystemet i fylket.

På bakgrunn av nasjonale og regionale føringer legg Regional transportplan Hordaland (2013-2024) følgjande mål til grunn:

- Transporttilbodet skal bidra til positiv verdiskaping og sikra robuste bustad- og arbeidsmarknadsregionar.
- Bergensområdet skal ha eit transportsystem og eit utbyggingsmønster som gjev god tilgjenge til viktige reisemål, og effektiv transport for brukarane.
- I distrikta skal transporttilbodet gje betre framkome og reduserte avstandskostnader.
- Transporttilbodet skal bidra til å betre trafikktryggleik og å redusera risikonivå, med særleg vekt på skredsikring.
- Transporttilbodet skal bidra til å oppnå viktige klima- og miljøpolitiske mål.
- Transporttilbodet skal bidra til å sikre tilgjenge for alle (universell utforming).

I saka heiter det at handlingsprogrammet skal reviderast årleg i samband med budsjett og økonomiplan for fylkeskommunen. Handlingsprogrammet er delt i to delar. Del I er ei opplisting av tiltak for vidare utgreiingar og planlegging som er naudsynt for å gjennomføra planen. Dette saksframleggget omhandlar berre del I – utgreiingsoppgåvene.

Del II er ei oversikt over prioritering og finansiering av fysiske tiltak knytt til fylkesvegnettet. Desse tiltaka er eit resultat av føringer lagt i den regionale planen, medan dei endelege prioriteringane vert gjort gjennom budsjethandsaminga og i det årlege plan- og byggeprogrammet.

Handlingsprogrammet del I inneholdt 34 tiltak, av desse er 32 tiltak starta opp, og fire tiltak vert vurdert som gjennomførte - i løpet av det første året i handlingsprogramperioden. Etter fylkesrådmannen sitt syn er ein godt i rute i høve til gjennomføring av samlede tiltak innan handlingsprogramperioden.

Hordaland er eit fylke med mange og samansette utfordringar innanfor samferdsleområdet. Bergensområdet har urbane utfordringar som stor folkevekst, køproblematikk og lokal forureining, medan distrikta har utfordringar som fråflytting og därleg infrastruktur. Hordaland har også utfordringar knytt til ver, vind og naturgjevne tilhøve som høge fjell og djupe fjordar. Framkome og reisetidskostnader er viktig for alle delar av fylket, samstundes som krav til trafikktryggleik alltid vil ha høgaste priorititet.

I Bergensområdet vert effekten av kapasitetsutvidinga av vegnettet dei siste tiåra meir og meir innhenta av trafikkveksten, og det naudsynt å redusera transportomfanget og endra transportmiddelfordelinga. Veksten i persontrafikk må i hovudsak handterast av miljøvenlege transportmidler. Klimamåla krev sterke verkemiddel for å endra transportmiddelfordelinga, fremja lavutsleppsteknologi og redusera biltrafikken.

Vedlikehaldssstrategien, som fylkestinget vedtok i oktober 2011, viser at det er behov for auka innsats retta mot vedlikehald av fylkesvegnettet. For å få det til må vi satsa meir på standardhevingsprosjekt og mindre på store nyinvesteringar. Regional transportplan presenterer dessutan ei todeling av fylkesvegnettet, eit nyttig styringsverktøy som vil ligga til grunn for prioriteringar innan investering, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Vi treng også – slik fylkestinget har oppmoda om – at staten overfører vesentleg meir midlar for å sikra eit forsvarleg drifts- og vedlikehaldsnivå på fylkesvegnettet.

## 2. Rapportering på tiltak

Utgreiingsoppgåvane i handlingsprogrammet til RTP er knytt opp mot deltema og strategiar i samsvar med omtale i planen. Status og pågående arbeid for dei enkilde tiltaka er nærmere omtala nedanfor.

### *Deltema 4.1: Strekningsvise utbetringstiltak*

Tiltak 4.1.1	Strekningsvise utgreiingar for overordna fylkesvegnett
Innhald	Det skal gjennomførast strekningsvise utgreiingar om standard for det overordna og høgtrafikkerte vegnettet. Utgreiinga skal konkludere med framlegg om aktuelle utbetningsstandardar og praktiske etappar – prosjektavgrensingar for gjennomføring.
Ansvar	Statens vegvesen.
Samarbeidspartnarar	Hordaland fylkeskommune.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Arbeidet med strekningsvis utgreiing er starta opp, første strekning er Trengereid - Ulvik (Fv 7 og Fv 572). Til saman skal 6 overordna strekningar utgreiaast. Dei strekningsvise utgreiingane vil dekke heile det overordna fylkesvegnettet og bli lagt fram for fylkespolitiske organ – truleg i løpet av 2014. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

### *Deltema 4.2: Drift og vedlikehald*

Tiltak 4.2.1	Drifts- og vedlikehaldssstrategi – årleg rapportering
Innhald	Status for drift og vedlikehald skal rapporterast årleg til fylkesutvalet, mellom anna som grunnlag for budsjettprosessen.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen.
Oppstart / framdrift	Årleg.
Status november 2013	I 2012 vart det nedsett ei arbeidsgruppe med deltaking frå entreprenørane, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Gruppa skal sikra at målsetjingane i drifts- og vedlikehaldssstrategien vert oppfylt. Grunna ressurssituasjonen har arbeidet med drifts- og vedlikehaldssstrategien lagt nede i 2013. Ein har som mål at dette arbeidet vert prioritert i 2014. Arbeidsgruppa vil følgje arbeidet med oppfølgjing av drifts- og vedlikehaldssstrategien vidare. Tiltaket er starta opp, men er ikkje i rute.

Tiltak 4.2.2	Tiltak på fylkesvegar som ikkje inngår i overordna vegnett
Innhald	Fylkesvegar som ikkje inngår i overordna vegnett skal kartleggjast med særleg fokus på å fjerna vektrestriksjonar og stogga vedlikehaldsetterslep. Forfallsregistrering skal baserast på vegnummer.
Ansvar	Statens vegvesen.
Samarbeidspartnarar	Hordaland fylkeskommune.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Forfallsregistrering av fylkesvegnettet er gjennomført av Statens vegvesen i 2013 (SVV-rapport nr 183). Rapporten syner at det i Hordaland er registrert eit samla behov på om lag 6,5 mrd. kroner for å fjerna forfall og gjera tilhøyrande naudsynte oppgraderingar på fylkesvegnettet. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

### *Deltema 4.3: Regionsentra som trafikale knutepunkt*

Tiltak 4.3.1	Utvikling av regionsentra som trafikale knutepunkt
Innhald	Oppstart av arbeid med ei breiare utgreiing av behov og aktuelle tiltak for

	dei viktigaste transportknutepunkta i fylket, for å oppfylla måla om effektive knutepunkt, positiv sentrumsutvikling og etablering av gode innfartsparkeringar.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Aktuelle kommunar, Statens vegvesen.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	<p>Det er ikkje starta opp eit eige utgreingsarbeid for utvikling av regionsentra som trafikale knutepunkt, men tiltaket må sjåast i samanheng med tiltak 5.2.1 kollektivknutepunkt og tiltak 7.1.2 om kollektiv, gang- og sykkel og miljøtiltak, der det er gjort mykje arbeid på til dels parallelle tiltak.</p> <p>Innan neste rapportering (2014) bør det avklårast om 4.3.1 <i>Utvikling av regionsentra som trafikale knutepunkt</i> bør utgå som sjølvstendig tiltak.</p>

#### *Deltema 4.4: Gang- og sykkelvegar*

Tiltak 4.4.1	Gang- og sykkeltiltak i distrikta
Innhald	I regionale knutepunkt og tettstader over 5000 innbyggjarar skal det utarbeidast ein sykkelstrategi for å auka bruken av sykkel som transportmiddel.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.
Samarbeidspartnarar	Aktuelle kommunar.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	<p>Stord vart i januar 2013 offisiell sykkelby, med ein forpliktande avtale mellom kommunen, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.</p> <p>Tettstadane Osøyro, Knarvik, Kleppestø og Straume har saman med SVV utarbeida planar for samanhengande hovudnett for sykkel, medan Voss og Odda, som også har meir enn 5000 innbyggjarar, framleis manglar sykkelstrategi / planar for samanhengande hovudnett for sykkel.</p> <p>Tiltaket er vurdert å vera i rute.</p>

Tiltak 4.4.2	Gang- og sykkeltiltak kring skular og andre målpunkt
Innhald	Sikre oppfølging av kommunale trafikksikringsplanar, særleg ved skular og andre målpunkt for barn og unge.
Ansvar	Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Aktuelle kommunar, politiet, trygg trafikk mfl.
Oppstart / framdrift	2013. Kontinuerleg arbeid.
Status november 2013	Kommunale TS-planar vert lagt til grunn for framlegg til prioritering av midlar til ulike TS-tiltak på fylkesvegnettet. Det vert lagt vekt på at dei midlar ein har til rådvelde vert nytta kring skular og andre målpunkt for barn og unge. Behovet for slike tiltak er langt større enn det ein har midlar til. Tiltaket er likevel vurdert å vera i rute.

Tiltak 4.4.3	Samordning av drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar
Innhald	Rutinar for betre samordning av drift og vedlikehald av viktige gang- og sykkel strekningar, uavhengig av vegeigar.
Ansvar	Statens vegvesen.
Samarbeidspartnarar	Hordaland fylkeskommune og kommunane.
Oppstart / framdrift	2013
Status november 2013	Vintervedlikehald av fylkeskommunale gang- og sykkelvegar vert utført gjennom driftskontraktar. I samsvar med Forvaltningsreforma vart ikkje ansvaret som kommunane hadde for drift og vedlikehald av gang og sykkelvegar langs dei «gamle» fylkesvegane overført til fylkeskommunen. Dette ansvaret ligg fortsatt hjå kommunane og er ikkje med i driftskontaktane for riks- og fylkesvegane. Statens vegvesen

	har gjort ei registrering av gang og sykkelvegar langs dei gamle fylkesvegane i Hordaland og samla lengde er ca 90 km. I fylkeskommunen sitt budsjett for drift og vedlikehald av vegnettet er det ikkje sett av midlar til dette føremålet. Slik Statens vegvesen ser det, er det ikkje rom for å ta på seg denne oppgåva dersom ikkje den økonomiske ramma aukar. Statens vegvesen kan ikkje sjå at det er andre måtar å få til gode overgangar eller overlapping i brøytinga utan at dette inneber vesentlege kostnad for fylkeskommunen. Det vil verte ressurskrevjande å inngå og følgje opp avtalar om overgangar og overlapping i brøytinga med kvar enkelt kommune i Hordaland. Tiltaket skal vurderast på ny innan rapportering i 2014. Tiltaket er starta opp, men er ikkje i rute.
--	---

*Deltema 4.5: Ferjedrift*

Tiltak 4.5.1	Servicenivå og krav til ferjedrifta
Innhald	Før neste anbodsrunde skal det leggjast fram ei utgreiing om konsekvensar av auka servicenivå og ein høgare standard på ferjemateriell (lågare snittalder) og med universell tilrettelegging.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune / Skyss.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen (landbasert infrastruktur).
Oppstart / framdrift	Ferdig innan utlysing av nye ferjebanebokspakkar. (Frå 2015 og framover.)
Status november 2013	Utgreiingsarbeidet vert starta opp hausten 2013 med sikte på ferdigstilling i 2014. Utgreiinga skal munna ut i ei politisk sak (2014 / tidleg 2015) om hovudprinsipp for neste generasjons ferjebane. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

Tiltak 4.5.2	Miljøvenleg framdriftsteknologi for ferjer og snøggbåtar
Innhald	Vidareføre utgreiing om meir miljøvenleg framdriftsteknologi som skal innarbeidast i neste anbodsrunde.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune / Skyss.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen.
Oppstart / framdrift	Er i gang. Ferdig innan utlysing av nye ferjebanebokspakkar.
Status november 2013	Tiltaket har endra namn i tråd med fylkestingsvedtak 119/12 slik at også snøggbåt er omfatta. I vedtaket heiter det at miljøvenleg framdriftsteknologi for sambandet Kleppestø-Nøstet skal ha prioritet. Forprosjektet om alternativ miljøvenleg framdriftsteknologi er gjennomført, og det er også sett på miljøløysing for det framtidige sambandet Kleppestø-Strandkaien. HFK vil nytte erfaringane frå desse prosjekta i sitt vidare arbeid knytt til konkurranseutsetting av neste generasjons ferjebane. Fylkesutvalet har tidlegare vedteke at båtsambandet Kleppestø-Strandkaien skal driftast med miljøfartøy. Det er ein føresetnad for elektrisk drift på sambandet at det vert lagt til rette for at det kan etablerast eit ladeanlegg på Kleppestø. Askøy kommune arbeider med ein kommunedelplan som omfattar ei større utbygging av Kleppestø, inkludert kaiområdet, dei neste åra. I denne utbyggingsperioden vil det vere store utfordringar knytt til etablering og drift av ladeanlegg på Kleppestø. Fylkesutvalet vedtok difor i sak 195/13 å lyse ut ein midlertidig kontrakt på sambandet med konvensjonelt fartøy. Anbod om miljøfartøy på sambandet skal lysast ut så snart det let seg gjere i høve til utbyggingsprosessen. HFK har også ein tett dialog med Statens vegvesen i samband med prøveprosjekt med batteriferje på sambandet Lavik-Oppedal. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

#### *Deltema 4.6: Trafikksikring*

Tiltak 4.6.1	Handlingsplan for trafikksikring 2010 - 2013
Innhald	Handlingsplan for trafikksikring 2010 – 2013 skal rullerast for perioden 2014 – 2017.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Fylkestrafikksikringsrådet (FTR), Statens vegvesen og aktuelle kommunar.
Oppstart / framdrift	2013
Status november 2013	<p>Arbeidet med den nye handlingsplanen er starta opp med siktet mål om vedtak i fylkestinget våren 2014. Hovudfokus i ny plan er retta mot trafikksikringsarbeid i kommunane, møteulukker utanfor tettbygde strok og mjuke trafikantar i byområde. Det vil også verta lagt til rette for eit nyttiltak retta mot kommunane, der det vert mogleg å søka om oppstartsmidlar for å sertifisera seg som «trafikksikker kommune». Gjeldande plan legg opp til at det kan søkast om midlar til haldningsskapande tiltak. I ny plan vert det også lagt opp til at det kan søkast om midlar til mindre fysiske tiltak, som eit spleislag mellom fylkeskommunen og kommunen.</p> <p>Fylkesutvalet vedtok den 31.10.13 at fylkeskommunen sitt trafikksikringsarbeid skal organiserast som eit FTU (fylkestrafikksikringsutval) samansett av fem politisk valde representantar og konsultative representantar frå aktuelle fagetatar. Tiltaket er vurdert å vera i rute.</p>

#### *Deltema 4.7: Skredsikring*

Tiltak 4.7.1	Styrking av innsatsen knytt til skredsikring
Innhald	Hordaland fylkeskommune skal arbeida aktivt politisk mot statlege organ for å sikre meir midlar til skredsikringstiltak.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen.
Oppstart / framdrift	Kontinuerleg arbeid.
Status november 2013	<p>Det er registrert 216 skredpunkt på fylkesvegnettet vårt, med eit samla kostnadsestimat på 1.37 mrd. (Det reelle behovet er større ettersom mange skredpunkt manglar kostnadsestimat.) For komande 4-årsperiode er Hordaland tildelt 308 mill. kroner til skredsikring på fylkesvegnettet. Hordaland har dei siste åra hatt eit gjennomføringsetterskot og underforbruk på skredsikringsmidlar, noko som i hovudsak skuldast kompliserte planprosessar.</p> <p>Hordaland fylkeskommune har ved fleire høve gjort Samferdsledepartementet oppmerksame på behovet for auka midlar til skredsikringstiltak. - Gjennom pressemelding, politiske vedtak, samt brev til samferdsleministeren. Vestlandsrådet har sett fram krav om at heile det offentlege vegnettet må vere sikra mot skred innan 2030. Ny sak om prioritering av midlar til skredsikring på fylkesvegnettet vert handsama i fylkestinget i des 2013. Tiltaket er vurdert å vera i rute.</p>

Tiltak 4.7.2	Betre kartlegging av skredfare
Innhald	Framtidige rulleringar av skredsikringsplanen må gjere risikovurderingar med omsyn til klimaendringar og ekstremvêr i tillegg til bruk av historiske skreddata.
Ansvar	Statens vegvesen.
Samarbeidspartnarar	Hordaland fylkeskommune.
Oppstart / framdrift	Kvart 4. år.
Status november 2013	<i>Skredsikringsplanen</i> er erstatta av <i>Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i region vest</i> , og utarbeidinger av denne er ein del av arbeidet med ny Nasjonal Transportplan for perioden 2014-2023. Mandatet har vore

	å identifisere og rangere alle skredpunkt på riks- og fylkesvegnettet på grunnlag av ny prioriteringsmodell og kriteria som følgjer denne. Ny prioriteringsmodell er mellom anna utarbeida på bakgrunn av Statens vegvesen sitt etatsprosjekt "Klima og transport", og tek i større grad enn før omsyn til klimaendringar og ekstremver. Tiltaket er vurdert som gjennomført. Fylkesrådmannen tilrår at tiltaket går ut.
--	--

*Deltema 5.1: Overordna rutestruktur mellom regionsentra og Bergen*

Tiltak 5.1.1	Ny kollektivstrategi for Hordaland
Innhald	Arbeidet med ny kollektivstrategi for Hordaland må ferdigstilla tidleg nok til at strategien kan leggjast til grunn for overordna rutestruktur i nye anbodspakkar.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune / Skyss.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen, aktuelle kommunar.
Oppstart / framdrift	2013. Ferdig i løpet av 2014, innan utlysing av nye anbodspakkar i 2015.
Status november 2013	Overordna rutestruktur er ein sentral del av arbeidet med kollektivstrategi. Arbeidet vil ferdigstilla i løpet av 2014. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

Tiltak 5.1.2	Samordna takst- og billetteringssystem
Innhald	Hordaland fylkeskommune / Skyss vil ta initiativ til å utgreie mogelegheit for betre samordning av takst- og billetteringssystem for kollektivtrafikksistema i fylket.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune / Skyss.
Samarbeidspartnarar	NSB.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Skyss og NSB har i dag takstsamarbeid knytt til bruk av UngdomSkyss og PeriodeSkyss buss/tog på NSB Lokaltog. Skyss betalar takstkompensasjon til NSB for at kundane kan nytte desse billettane på toget, og bruken av desse billettane aukar. Seinare i planperioden vil ein vurdera eit nytt initiativ mot NSB for å utgreie mogelegheit for betre samordning av takst- og billetteringssystem. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

*Deltema 5.2: Infrastruktur for kollektivtrafikken*

Tiltak 5.2.1	Utbetring av kollektivknutepunkt
Innhald	Oppstart av arbeidet med ei breiare utgreiing av behov og aktuelle tiltak for dei viktigaste transportknutepunkta i fylket for å oppfylla måla om effektive knutepunkt og positiv sentrumsutvikling.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune / Skyss og aktuelle kommunar.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen.
Oppstart / framdrift	2013. Kontinuerleg.
Status november 2013	Dette arbeidet inngår som ein del av kollektivstrategien, som skal ferdigstilla i 2014. Terminalar, knutepunkt og haldeplassar er eit eige deltema i kollektivstrategien. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

Tiltak 5.2.2	Utbetring av haldeplassar
Innhald	Kartlegge behov for opprusting av viktige haldeplassar med stor trafikk. Haldeplassar med mindre trafikk, men som er trafikkfarlege eller har andre kritiske manglar, skal også vurderast. Krav til standard kan i slike tilfelle reduserast.
Ansvar	Statens vegvesen.
Samarbeidspartnarar	Hordaland fylkeskommune / Skyss og aktuelle kommunar.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Dette arbeidet inngår som ein del av kollektivstrategien, som skal ferdigstilla i 2014. Terminalar, knutepunkt og haldeplassar er eit eige

	<p>deltema i kollektivstrategien. For Bergensområdet er det gjennomført både kartlegging og fysiske tiltak kring viktige haldeplassar. 135 haldeplassar er oppgradert kring stamlinjene.</p> <p>Behovet for opprusting av haldeplassar er langt større enn det ein har midlar til. Tiltaket er likevel vurdert å vera i rute.</p>
--	---

Tiltak 5.2.3	Planar for knutepunkt
Innhald	Gjennom ordinære, langsiktige planprosessar skal fylkeskommunen bidra aktivt til å sikre framtidig arealbehov for knutepunkt i kollektivnettet.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen og aktuelle kommunar.
Oppstart / framdrift	Kontinuerleg, og i samband med aktuelle planprosessar.
Status november 2013	Dette arbeidet inngår som ein del av den daglege drifta hjå HFK / Skyss og Statens vegvesen, der regionalt og statleg forvaltningsnivå kjem med innspel til kommunen, som er planstyresmakt. Kollektivknutepunkta Voss, Knarvik og Birkelandsskiftet er eksempel på planprosessar der fylkeskommunen har spelt ei aktiv rolle. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

#### *Deltema 5.3: Skuleskyss og alternativ ruteproduksjon*

Tiltak 5.3.1	Utgreiing om alternativ ruteproduksjon
Innhald	I arbeidet med kollektivstrategi må alternativ ruteproduksjon, som til dømes tingingsruter, vurderast.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune / Skyss.
Samarbeidspartnarar	Aktuelle kommunar.
Oppstart / framdrift	2013. Ferdig innan utlysing av nye anbodspakkar i 2015.
Status november 2013	Arbeid med utgreiing om alternativ ruteproduksjon er teke ut av kollektivstrategien, og går no som ein eigen prosess. Eit pilotprosjekt med tingingsruter på Voss er nyleg starta opp. Det skal etablerast tingingsruter på 3 linjer i Voss kommune, og eigen minibuss er bestilt til dette. Rutene skal driftast av dagens operatør. Oppstart er sett til 1. januar 2014. Effektar av pilotprosjektet skal evaluerast i løpet av 2015. Frå 19. august (opning av Hardangerbru) vart det starta ei ordning med bestillingstransport / drosje frå Eitrheim til Utne, for å dekka behovet for kollektivtransport på vestsida av Sørfjorden. Dette prosjektet skal evaluerast i løpet av 2014. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

#### *Deltema 5.4: Kollektivtilbod og reiseliv*

Tiltak 5.4.1	Informasjon og marknadsføring
Innhald	Aktivt arbeid for betra marknadsføring og informasjon om det eksisterande rutetilbodet.
Ansvar	Skyss.
Samarbeidspartnarar	Ruteselskapa, reiselivsorganisasjonar / destinasjonsorganisasjonar.
Oppstart / framdrift	Kontinuerleg.
Status november 2013	Dette er ein del av den daglege drifta hjå Skyss. Skyss har som fast årleg tiltak å annonsera i alle reiselivsguidar i fylket og ha utstilling med relevant informasjon på turistinformasjonen i Bergen. Skyss er samarbeidspartner i Bergenskortet slik at dette også kan nyttast på buss og bybane. Skyss har i 2013 også hatt turistfaldar «Reis med rutebuss eller bybane når du skal oppleve Bergen og fjordene» tilgjengelig på turistinformasjonen i Bergen og på sine kundesentra. Faldaren har tekst både på engelsk og norsk, og gjev anbefalte reiseruter til utvelde turistdestinasjonar. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

Tiltak 5.4.2	Rutetilbod i reiselivssamanhang
Innhald	Det skal leggjast til rette for nye rutetilbod som kan vera interessante i reiselivssamanhang. Slike tilbod skal vurderast som sjølvfinansierande ruter.
Ansvar	Reiselivs- og destinasjonsorganisasjonar, aktuelle kommunar.
Samarbeidspartnarar	Hordaland fylkeskommune / Skyss.
Oppstart / framdrift	Etter behov.
Status november 2013	Skyss har hatt kontakt med nokre reiselivsorganisasjonar og destinasjonsorganisasjonar. Det er så langt ikkje oppretta nye rutetilbod spesielt for reiselivet. Tiltaket er likevel vurdert å vera i rute.

*Deltema 6.: Transport i Bergensområdet*

Tiltak 6.1.1	Samordna areal- og transportplan
Innhald	Utarbeiding av <i>Regional plan for utbyggingsmønster, arealbruk og transport i Bergensområdet</i> .
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Ulike nasjonale, regionale og kommunale etatar.
Oppstart / framdrift	Planarbeidet er starta opp.
Status november 2013	Planen har endra namn til <i>Regional areal- og transportplan for Bergensområdet</i> . Planprogrammet er vedteke og det vert lagt til grunn at regional plan skal vedtakast i 2015. Planen skal omtala tema som bustadområde, regionale næringsområde, effektive og miljøvenlege transportsystem, grønstruktur og regional samordning. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

Tiltak 6.1.2	Kollektivstrategi
Innhald	Utarbeiding av <i>Kollektivstrategi for Hordaland</i> .
Ansvar	Hordaland fylkeskommune / Skyss.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen og aktuelle kommunar.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Arbeidet med kollektivstrategi er starta opp og vil ferdigstilla i løpet av 2014. I høve til transport i Bergensområdet vert tema som rutestruktur, framkome, terminalar og samordna areal- og transportplanlegging omtala. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

Tiltak 6.1.3	Regionpakke Bergen
Innhald	Etablering av <i>Regionpakke Bergen</i> .
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen og dei aktuelle kommunane.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Det er etablert ei politisk styringsgruppe og eit arbeidsutval knytt til Regionpakke Bergen. Regjeringsnotatet knytt til KVU for Bergensområdet slår fast at det – på kort sikt - ikkje vert tilrådd å etablera ein regionpakke med felles organisering og finansiering. Fokus i arbeidet framover er retta mot utarbeiding av ny fleirårig søknad til belønningssordninga og grunnlag for ein framtidig bymiljøavtale, slik ny NTP opnar for. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

*Deltema 7.1: Riksvegnettet*

Tiltak 7.1.1	Strekningsvise prioriteringar på riksvegnettet
Innhald	For å synleggjera behovet for strekningsvise prioriteringar på riksvegnettet skal Hordaland fylkeskommune gjennom fylkespolitiske organ, Vestlandsrådet, Stamvegutvalet E16, Haukelivegen AS, IS Rv. 13 og IS rv.

	7, delta aktivt i planlegging og handsaming av NTP med tilhørende budsjettprosessar.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen.
Oppstart / framdrift	Kontinuerleg i NTP-arbeidet.
Status november 2013	Gjennom høringsprosessar deltek fylkeskommunen i utforming og handsaming av NTP med tilhørende handlingsprogram og budsjettarbeid. Tilsvarande omfattar dette Vestlandsrådet og ulike interesseorganisasjonar for vegstrekninga, der fylkeskommunen er representert. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

Tiltak 7.1.2	Kollektivtiltak, gang- og sykkeltiltak og miljøtiltak i Bergen og regionsentra
Innhald	Delta i planlegging og synleggjere behovet for kollektivtiltak, gang- og sykkeltiltak og miljøtiltak i Bergen og i dei ulike regionsentra.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen, aktuelle kommunar.
Oppstart / framdrift	2013. Knytt til NTP-handlingsprogram og statsbudsjett.
Status november 2013	Tiltaket vert følgt opp gjennom fylkeskommunen si rolle i kommunale planprosessar, samt deltaking i Bergensprogrammet og utforming av framtidige bymiljøavtalar og belønningsavtalar. Aktuelle tiltak vert også synleggjort i handsaminga av NTP-handlingsprogrammet. Gjennom desse prosessane vert det mellom anna lagt til rette for ulike kollektiv- og sykkeltiltak langs riksveg. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

#### *Deltema 7.2: Jernbane*

Tiltak 7.2.1	Finansiering av dobbeltspor Arna - Bergen
Innhald	Sikre fullfinansiering av dobbeltspor Arna – Bergen med oppstart av prosjektet i 2013.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Jernbaneverket, Forum Nye Bergensbanen.
Oppstart / framdrift	Kontinuerleg i NTP-arbeidet.
Status november 2013	Finansiering er sikra gjennom NTP, første fireårsperiode (2014-2017). Tiltaket er vurdert som gjennomført. Fylkesrådmannen rår til at dette tiltaket går ut.

Tiltak 7.2.2	Større utbetringstiltak langs Bergensbanen
Innhald	Arbeide aktivt for at Ringeriksbanen vert prioritert i første fireårsperiode av handlingsprogrammet for NTP 2014 - 2023 og at Takvam - Trengereid vert prioritert i siste del av handlingsprogramperioden (2018 – 2023).
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Jernbaneverket, Forum Nye Bergensbanen.
Oppstart / framdrift	Kontinuerleg i NTP-arbeidet.
Status november 2013	Det er i NTP sett av 1,5 mrd. til oppstart (anleggsstart) av Ringeriksbanen i siste seksårsperiode (2018-2023). NTP legg opp til at det skal startast planarbeid i første fireårsperiode, og Jernbaneverket avventar oppdragsbrev for oppstart av planarbeid i 2014. Det er i statsbudsjettet sett av 230 mill. samla til planlegging av ulike større jernbaneprosjekt, inkludert planprosessen kring Ringeriksbanen. Takvam-Trengereid er ikkje nemnt særskilt i NTP, men det er sett av 500 mill. til modernisering av Vossebanen i siste seksårsperiode (2018-2023). Tiltaket er vurdert å vera i rute.

Tiltak 7.2.3	Gjennomføring av kollektivterminal i Voss trafikknutepunkt
Innhald	Tiltaket skal finansierast med ei 50/50 kostnadsdeling mellom stat og

	fylkeskommune.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune / Skyss.
Samarbeidspartnarar	Voss kommune, Statens vegvesen, Jernbaneverket, NSB, ROM eigedom.
Oppstart / framdrift	Kontinuerleg i NTP-arbeidet.
Status november 2013	Reguleringsplan vart godkjent februar 2013 og arbeidet med detaljprosjektering vert sett i gong så snart det er praktisk mogleg. Siktemålet hjå fylkeskommunen har lenge vore byggjestrart hausten 2014, men i ny NTP er det ikkje lagt opp til byggjestrart før tidlegast i 2017. Tiltaket er difor utsett.

Tiltak 7.2.4	Togmateriell
Innhald	Arbeide aktivt for at NSB set inn moderne togmateriell på Vossebanen og Arnalokalen, tilrettelagt med internetsamband og mobiltelefoni.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	NSB, Forum Nye Bergensbanen.
Oppstart / framdrift	Oppstart 2013.
Status november 2013	NSB har gjennom sine innspel til NTP uttrykt ambisjonar for nytt togmateriell i drift på Vossebanen i 2016. Det pågår eit internt arbeid for å definera krav til antall togsett, setekapasitet, komfortkrav og hastigkeit. Bestilling av nytt togmateriell forutset at investeringa vert godkjent av Samferdsledepartementet, men tiltaket er vurdert å vera i rute.

Tiltak 7.2.5	Samordning buss - bane
Innhald	Kollektivstrategi for Hordaland skal vurdere korresponderande buss- og toggruter i særleg viktige knutepunkt som Arna og Voss.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune / Skyss.
Samarbeidspartnarar	NSB.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Det er teke omsyn til korresponderande buss- og togstider i ruteendringar for Hardanger – Voss, i samband med opning av Hardangerbrua. Mating inn mot Arna stasjon er sentralt. Timesavgangar med tog Bergen-Voss er på plass frå 15. desember, og bussar vert koordinert mot Arna i høve til nye toggruter. Tilsvarande vil det bli vurdert aktuelle bussruteendringar i samsvar med nye togstider. Tiltaket er vurdert å vera i rute.

#### *Deltema 7.3: Luftfart*

Tiltak 7.3.1	Bergen lufthavn Flesland - tilbringarteneste
Innhald	Det skal arbeidast for at tilbringartenesta vert meir attraktiv. Bybanen byggjetrinn 3 til Flesland må gjennomførast i samsvar med vedteke Bergensprogram.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Avinor, Bergen kommune.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Arbeidet med bybanen byggjetrinn III er starta opp. I tillegg vart det i fylkesutvalsmøte den 31.10.13 vedteke å godkjenne eit nytt ruteløyve for flybuss mellom Åsane terminal og Bergen lufthamn Flesland. Tiltaket er vurdert som gjennomført. Fylkesrådmannen rår til at dette tiltaket går ut.

#### *Deltema 7.4: Sjøtransport*

Tiltak 7.4.1	Farleier
Innhald	Synleggjera behovet for planlegging og prioritering av ny innseglingslei til Bergen.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Kystverket.

<b>Oppstart / framdrift</b>	Kontinuerleg i NTP-arbeidet.
Status november 2013	Det er i komande NTP sett av 24 mill. til utdjupingstiltak kring Færøyfluene i første 4-årsperiode (2014-2017). Det er sett av 7 mill. til utdjupingstiltak ved nordleg innsegling Askøy / Meland i første 4-årsperiode, og 219 mill. i siste 6-årsperiode (2018-2023). Tiltaket er vurdert å vera i rute.

<b>Tiltak 7.4.2</b>	<b>Fiskerihamner</b>
Innhald	Starte opp arbeidet med etablering av ny fiskerihamn på Bømlo S.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Kystverket, Bømlo kommune.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Kommunedelplan for fiskerihamn er starta opp og planframlegg vert truleg sendt på høyring hausten 2013. Hovudmålet i planframlegget er at Bømlo skal styrkast og utviklast som regional og nasjonal fiskerihamn med høg standard og god infrastruktur. Vidare planprosess vert styrt av kommunen som planstyresmakt og tiltaket er vurdert som gjennomført. Fylkesrådmannen rår til at dette tiltaket går ut.

*Deltema 8.3: Nye finansieringsformer*

<b>Tiltak 8.3.1</b>	<b>Finansieringsform</b>
Innhald	Synleggjera moglegheiter for nye finansieringsformer.
Ansvar	Hordaland fylkeskommune.
Samarbeidspartnarar	Statens vegvesen.
Oppstart / framdrift	2013.
Status november 2013	Det vert rapportert på dette tiltaket under <i>6.1.3 Regionpakke Bergen</i> , der finansiering av infrastrukturtiltak og drift av kollektivtrafikken vert vurdert. Fylkesrådmannen rår til at dette tiltaket går ut.

### **3. Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen viser til vedtaket den 12. desember 2012 der det heiter at handlingsprogrammet skal reviderast årleg i samband med budsjett og økonomiplan for fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen meiner at handlingsprogrammet til RTP er eit viktig verkty for gjennomføring av dei tiltaka som er skisserte i den regionale planen, og at den framlagte rapporteringa syner at ein er godt i rute i høve til gjennomføring av handlingsprogrammet i løpet av 4-årsperioden.

Tiltak som er gjennomførte, og difor bør gå ut frå handlingsprogrammet:

- 4.7.2 *Betre kartlegging av skredfare*. Tiltaket er vurdert som gjennomført. Fylkesrådmannen tilrår at tiltaket går ut.
- 
- 7.2.1 *Finansiering av dobbeltspor Arna – Bergen*. Tiltaket er vurdert som gjennomført. Fylkesrådmannen tilrår at tiltaket går ut.
- 7.3.1 *Bergen lufthavn Flesland – tilbringarteneste*. Tiltaket er vurdert som gjennomført. Fylkesrådmannen tilrår at tiltaket går ut.
- 7.4.2 *Fiskerihamner*. Kommunedelplan for ny fiskerihamn på Bømlo S er starta opp og planframlegg vert truleg sendt på høyring hausten 2013. Tiltaket er vurdert som gjennomført. Fylkesrådmannen tilrår at tiltaket går ut.

Tiltak som er starta opp, men ikkje er i rute:

- 4.2.1 *Drifts- og vedlikehaldsstrategi – årleg rapportering*. Det har ikkje vore rapportert på drifts- og vedlikehaldsstrategi i 2013. Ein har som mål at dette arbeidet vert prioritert i 2014.
- 4.4.3 *Samordning av drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar*. Det er gjort ein del forundersøkingar, men tiltaket er ikkje i rute. Tiltaket skal vurderast på ny innan rapportering i 2014.
- 7.2.3 *Gjennomføring av kollektivterminal i Voss trafikknutepunkt*. Siktemålet hjå fylkeskommunen har lenge vore byggjestrart hausten 2014, men i ny NTP er det ikkje lagt opp til byggjestrart før tidlegast i 2017. Ettersom tiltaket skal finansierast 50/50 mellom stat og fylkeskommune vert det difor utsett inntil statleg finansiering er på plass.

Tiltak som enno ikkje er starta opp:

- 4.3.1 *Utvikling av regionsentra som trafikale knutepunkt*. Det er ikkje starta opp eit eige utgreiingsarbeid for utvikling av regionsentra som trafikale knutepunkt, men tiltaket må sjåast i samanheng med tiltak 5.2.1 kollektivknutepunkt og tiltak 7.1.2 om kollektiv, gang- og sykkel og miljøtiltak. Fylkesrådmannen tilrår at ein innan neste rapportering (2014) må avklåra om 4.3.1 bør utgå som sjølvstendig tiltak, og koplast tettare på tiltak 5.2.1 og 7.1.2.
- 8.3.1 *Finansieringsform*. Det vert rapportert på dette tiltaket under 6.1.3 *Regionpakke Bergen*, der finansiering av infrastrukturtiltak og drift av kollektivtrafikken vert vurdert. Fylkesrådmannen rår difor til at dette tiltaket går ut.

Fylkesrådmannen finn ikkje grunnlag for å iverksetja ytterlegare tiltak så tidleg i planperioden, men vil ved neste rapportering (2014) vurdera om gjennomføringa av handlingsprogrammet gjev tilstrekkeleg måloppnåing i høve til regional plan.

Fylkesrådmannen rår elles til følgjande mindre endring:

- 4.5.2 *Miljøvenleg framdriftsteknologi for ferjer og snøggbåtar*. I tråd med fylkestingsvedtak 119/12 endra tilsvarende tiltak i klimaplanen namn slik at også snøggbåt er omfatta.  
Fylkesrådmannen rår til at tiltaket også i RTP endrar namn frå *Miljøvenleg framdriftsteknologi for ferjer* til *Miljøvenleg framdriftsteknologi for ferjer og snøggbåtar*.

Fylkesrådmannen ber fylkesutvalet ta rapporteringa av RTP-handlingsprogram (2013/2014-2017) til orientering.